

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 14.03.2019
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 16.02.19 - 17.03.19

ARKIVSAK: 2019/5381
STYRESAK: 036/19

STYREMØTE: 02.04. 2019

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 16.02.19 -17.03.19

Lov	Dato for kunnjing	Kva lova/endinga gjeld
Lov om tilskot til visse private verksemder med offentleg tenestepensjonsordning	01.03.19	Formålet med lova er å bidra til betre rammevilkår for visse private verksemder ved å yte dekning til kostnader i offentlege tenestepensjonsordningar knytt til tidlegare opptente pensjonsrettar som kjem til betaling etter at oppteninga har skjedd (historiske pensjonskostnader). Lova tok til å gjelde frå 1. mars 2019.

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 16.02.19-17.03.19

Forskrift	Dato for kunnjing	Kva forskrifta/endinga gjeld
Forskrift om tilskot til verksemder med offentleg tenestepensjonsordning	01.03.19	Forskrifta er eit ledd i oppfølging av Stortingets vedtak 19.02.19 om lov om tilskot til visse private

<p>som har levert spesialisthelsetenester og statlege barnevernstenester</p>		<p>verksemdar med offentleg tenestepensjonsordning.</p> <p>Tilskotet skal dekke kostnader til pensjonsutbetalingar som kjem i framtida, men som er knytt til dei tilsette si opparbeiding før 2019 av retter til eit garantert pensjonsnivå. Dette er omtala som historiske pensjonskostnader. Det er i statsbudsjettet for 2019 gitt ei løyving på 60 millionar kroner til formålet.</p> <p>Forskrifta gir mellom anna regler om rett til tilskot og krav til søknad, men er ikkje fullstendig. Helse- og omsorgsdepartement tek sikte på å sende på høyring utfyllande føresegner om berekning av tilskotet. Forskrifta tek likevel til å gjelde no for å gi søkarane god tid til å førebu søknader og leggje til rette for ein effektiv søknadsbehandling.</p> <p>Forskrifta tok til å gjelde frå 1. mars 2019.</p>
<p>Forskrift om pasientjournal</p>	<p>01.03.19</p>	<p>Ny forskrift om pasientjournal legg til rette for å gjere tilgang til nødvendige helseopplysingar ved pasientbehandling, enklare og meir tilpassa den digitale kvardagen.</p> <p>Forskrifta er utarbeidd i samsvar med EUs personvernforordning og all bruk av opplysingar og all tilgang til desse skal loggast og vil kunne kontrollerast i ettertid.</p> <p>Forskrifta tok til å gjelde frå 1. mars 2019.</p>
<p>Forskrift om spesialistutdanning og spesialistgodkjenning for leger og tannleger</p>	<p>01.03.19</p>	<p>Frå 1. mars 2019 er ny ordning for spesialistutdanning for leger fullt ut gjeldande for alle spesialitetar og heile spesialiseringssløpet.</p> <p>Første fase blei innført 1. mars 2017. Spesialistforskrifta regulerte i første omgang sjukehusspesialitetane. I desember 2018 blei spesialitetane allmenntmedisin, samfunnsmedisin og arbeidsmedisin også omfatta av forskrifta. Forskrifta tok til å gjelde 1. mars 2017 for første</p>

		del av utdanninga. Frå 1. mars 2019 er forskrifta også gjeldande for andre og tredje del.
--	--	---

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 16.02.19 - 17.03.19

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Ingen nye myndigheitskrav i perioden		